

10-20 prosent auke for Rabben

26.09.2013



Magne Heggøy er godt nøgd med sesongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter har denne sommaren hatt 10-20 prosent auke i trafikken og det er dagleg leiar Magne Heggøy godt nøgd med. Dei fleste av gjestene var tyskarar og i tillegg har mange fjellklatrarar fylt hyttene. Det er ikkje minst eit resultat av den nye klatreføraren som kom på forsommaren. Det vart selt mange eksemplar av den i Uskedalen og til og med ei gruppe sveitsarar har klatra i Nåso denne sommaren.

Rabben har gjennomgått ein stor opprusting og det ventar Heggøy på å sjå resultatet av neste sesong, Det har allereie kome bra med førehandstingingar.

Juni var relativt dårleg, ikkje minst på grunn av kloakkarbeidet som fekk mange til å snu. Men juli og august var gode månader.

Båtlaget kan melda om rundt 750 gjestedøger og det er omtrent som tidlegare år, seier leiar Trond Myklebust til Grenda og hamnevert Kåre Rød er tilfreds med det utifrå at Uskedalen ikkje satsar spesielt sterkt på turisme i motsetnad til nabohamnane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen